

RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGERDato: 01.08.2018
Vår ref.: 2018/12332-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn - Gnr. 31 bnr. 1 og 4 Håland - Søknad om bygging av landbruksveg - Radøy kommune

Me viser til brev datert 28.06.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vege søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som staingardar, eldre vegar/stiar, nakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, å dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.